

# Eksamen

13.11.2019

IUD2001 Produksjon

**Programområde:** Interiør og utstillingsdesign

# Nynorsk

## Eksamensinformasjon

<b>Eksamenstid</b>	Eksamen varer i 4 timar.
<b>Hjelpemiddel</b>	Alle hjelpemiddel er tillatne, unntatt ope Internett, samskriving, chat og andre moglegheiter for å kunne utveksle informasjon med andre.
<b>Bruk av kjelder</b>	<p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal du alltid føre dei opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur.</p>
<b>Informasjon om vurderinga</b>	<p>Desse kompetansemåla blir det lagt vekt på i vurderinga av eksamenssvaret:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• bruke produkt- og bransjekunnskap i eige arbeid</li><li>• bruke form, farge og typografi i styling av ulike rom</li><li>• dokumentere og bruke kunnskapar om trendar og stilartar i eige arbeid</li><li>• bruke prinsipp for komposisjon i arbeid med tredimensjonalt rom</li><li>• kommunisere gjennom fargar i ulike miljø og kulturar og grunngi val av fargar</li></ul>

## Situasjonsskildring

Messestand Oslo Design Fair januar 2020  
Klede, berekraft og økologi

Nøstebarn er forhandlar av barneklede i naturleg og økologisk kvalitet.



**At ulla er ubehandla, tyder at ho er fri for all den kjemiske behandlinga ull vanlegvis får. Vår ull er heilt ubehandla eller berre farga, og da med trygge fargar.**

*Hovudmålgruppa vår er barn. For dei er det ekstra viktig at kledda er i trygge materialar og at dei gir rom for aktivitet.*

*Ubehandla ull er ideell til barneklede fordi ho er mjuk og elastisk og samtidig regulerer varmen slik at barnet ikkje blir klamt. Dette gjer at plagga i ubehandla ull ofte blir favorittplagga – dei kledda som blir brukte heile tida.*

## Oppgave

Nøstebarn skal delta på Oslo Design Fair i januar 2020. Planlegg messestanden deira.

### Planteikning messestand



- Kva verkemiddel vil du bruke for å forsterke temaet berekraft/økologi? Beskriv kva for nokre fargar og materialar du foreslår at dei kan bruke i messestanden.
- Beskriv logoen til firmaet – form, farge og typografi. Korleis vil du bruke logoen i messestanden?
- Korleis kan du presentere produkta på ein måte som får fram at målgruppa er små barn og foreldra deira?
- I tillegg til system for å presentere produkta (oppheng, hyller, stativ og så vidare), er det behov for noko møblering: disk, bord, tilhøyrande stolar og liknande, for møte mellom forhandlar og kunde. Beskriv korleis du vil dele inn standen i soner og plassere dei ulike møblane. Tenk på både funksjon og blikkfang.

## Bokmål

### Eksamensinformasjon

<b>Eksamenstid</b>	Eksamen varer i 4 timer.
<b>Hjelpemidler</b>	Alle hjelpemiddel er tillatt, unntatt åpent Internett, samskriving, chat og andre muligheter for å kunne utveksle informasjon med andre.
<b>Bruk av kilder</b>	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur.</p>
<b>Informasjon om vurderingen</b>	<p>Følgende kompetansemål blir vektlagt ved vurderingen av besvarelsen:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• bruke produkt- og bransjekunnskap i eget arbeid</li><li>• bruke form, farge og typografi i styling av ulike rom</li><li>• dokumentere og bruke kunnskaper om trender og stilarter i eget arbeid</li><li>• bruke prinsipper for komposisjon i arbeid med tredimensjonalt rom</li><li>• kommunisere gjennom farger i ulike miljøer og kulturer og begrunne valg av farger</li></ul>

## Situasjonsbeskrivelse

Messestand Oslo Design Fair januar 2020  
Klær, bærekraft og økologi

Nøstebarn er forhandler av barneklær i naturlig og økologisk kvalitet.



**At ullen er ubehandlet, betyr at den er fri for all den kjemiske behandlingen ull vanligvis får. Vår ull er helt ubehandlet eller kun farget, og da med trygge farger.**

*Hovedmålgruppen vår er barn. For dem er det ekstra viktig at klærne er i trygge materialer og at de gir rom for aktivitet.*

*Ubehandlet ull er ideell til barneklær fordi den er myk og elastisk og samtidig regulerer varmen slik at barnet ikke blir klamt. Dette gjør at plaggene i ubehandlet ull ofte blir favorittplaggene – de klærne som brukes hele tiden.*


## Oppgave

Nøstebarn skal delta på Oslo Design Fair i januar 2020. Planlegg deres messestand.

### Plantegning messestand



- a. Hvilke virkemidler vil du bruke for å forsterke temaet bærekraft/økologi? Beskriv hvilke farger og materialer du foreslår brukt i messestanden.
- b. Beskriv firmaets logo – form, farge og typografi. Hvordan vil du bruke logoen i messestanden?
- c. Hvordan kan du presentere produktene på en måte som får fram at målgruppen er små barn og deres foreldre?
- d. I tillegg til systemer for presentasjon av produktene (oppheng, hyller, stativ og så videre), er det behov for noe møblering: disk, bord, tilhørende stoler og liknende, for møte mellom forhandler og kunde. Beskriv hvordan du vil dele inn standen i soner og plassere de ulike møblene. Tenk på både funksjon og blikkfang.



[www.vigoiks.no/eksamen](http://www.vigoiks.no/eksamen)